



Tilsynsutvalet i Vestland Hardangervidda nasjonalpark

Jan Nilsen - BK Grafisk

Dykkar ref.

Vår ref.

21/1008-754 /agny/21/30845

Arkiv:

FA-K01

Dato

22.10.2021

Avslag på søknad om løyve til helikoptertransport til Sandvatnet i veke 30 i 2022.

Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark har i møte 21.10.2021 i sak 042/21 behandla dykkar søknad om løyve til landingar med helikopter ved Sandvatn sør for Hårteigen i veke 30 neste sommar. Du skriv at føremålet med landingane er transport av tungt filmutstyr, telt og proviant i samband med filming av "*den særegne naturen og floraen i området som beriker både flora og det rike ørretfiske rundt Hårteigen og Vestvidda*".

Søknaden om landing med helikopter vart ikkje imøtekomen då dette er eit område me ikkje ynskjer unødvendig ferdsle i på grunn av villreinen på Hardangervidda. Promotering av dette området er såleis heller ikkje ynskjeleg då det no er fokus på å skjerme nettopp dette området.

Dette vedtaket kan klagast på innan 3 veker frå det er motteke. Eventuell klage må grunngjevast og skal framsetjast i skriftleg form. Klagen skal stilast til Miljødirektoratet, men sendast til det tilsynsutvalet som har handsama søknaden.

Helsing

Anne Gerd Nysveen

Konsulent

Tilsynsutvalet i Vestland for Hardangervidda nasjonalpark

Ring oss

Telefon: 53 65 40 00
Sentralbord: 09.00 - 15.00

Kontakt oss:

tilsynsutvalet.hordaland@ullensvang.kommune.no
Sandvikevegen 11, 5780 Kinsarvik